

**Referat frå møte i samarbeidsutvalet 23.02.2023**

Dok. ref.:		Møtedato/ Tid:	23.02.23 18:00
Stad:	Kolltveit skule	Møtenr.:	1/2023
Referent:	Odd-Erik Kjeldstad, rektor		
Til stades:	Frode Ekerhovd, Conny Olufsen, Odd Erik Kjeldstad, Anne-Helen Skjold Wiig, Anne Haugro og Sølvi Kobbeltvedt		
Forfall:	Elevrådsrepresentantane og representant frå andre tilsette.		

SAKSLISTE

Tema	Saker	Oppfølg.
Faste saker		
Saker frå skulen	<p>Organisering av skuledagen.</p> <p>Rektor informerte om ei endring i høve til organisering av skuledagen frå neste skuleår. No er de slik at dei fleste av elevane kjem til klasserommet kl. 0830, men undervisninga startar ikkje før 0840. Elevane sluttar kl. 1410. Frå neste skuleår vil skulen at undervisninga startar kl. 0830 og at elevane sluttar kl. 1400. Rektor informerte om at ei ny organisering vil medføre at fagfordelinga blir meir i tråd med gjeldande fag- og timebyteplan.</p> <ul style="list-style-type: none">• Organisering av skuledagen.<ul style="list-style-type: none">– Skulestart 0830– Dobbel økt undervisning 0830-1000– Friminutt 1000-1015– Enkel økt undervisning 1015-1100– Friminutt 1100-1115– Friminutt 1115-1130– Dobbel økt undervisning 1130-1300– Friminutt 1300-1315– Enkel økt undervisning 1315-1400– Skuleslutt 1400	Rektor Anne-Helen
	<p>Ombygging</p> <ul style="list-style-type: none">• Anne-Helen informerte om at ombygginga var i rute og at drifta i byggeperioden er godt planlagt. Skulen skal ta i bruk gymsalen til klasserom i byggeperioden og arbeidet med tilrettelegging er allereie i gang. Det vil bli lagt opp til mykje bruk av uteskule, og skulen har kontakta grunneigarar som er positiv til at skulen får bruke utmark til undervisning. Kommunen har no skreve kontrakt med utbygger, og prosessen legg opp til dialogmøte mellom skule og utbygger kvar veke. Her vil det vere ekstra fokus på helse, miljø og tryggleik for elevane medan arbeidet går føre seg.	Rektor
	<p>Lukt på toalett i garderobe.</p> <ul style="list-style-type: none">• Fau-leiar tok opp problemet med lukt i jentegarderoba. Rektor formidla at det er informert om problemet til	

	<p>prosjektleiari, og at dei vil sjå på det når dei skal i gang med arbeid i avløpet i samband med bygging av nytt skulekjøken.</p>	
<p>Saker frå FAU</p>	<p>Temadag om nettvett.</p> <ul style="list-style-type: none"> Fau ynskjer å arrangere ein temadag om nettvett i regi av barnevakta. Fau ynskjer eit temaopplegg for foreldra på kveldstid der lærarane deltek; så med oppfølgingstiltak i klasseromma for elevane i skuletida. Skulen støttar tiltaket, men rektor formidla at skulen grunna ombygginga ikkje har anledning til å få gjennomført dette i vår. Vi har heller ikkje lokale på skulen til eit slikt møte no når ombygginga tek til. Rektor føreslår at vi saman planlegg for ein temakveld i haust. <p>Leksefri skule</p> <ul style="list-style-type: none"> Fau lufta tanken om leksefri skule. Mange foreldre er i tidspress, og lekser vert då eit stressmoment i kvardagen. Vidare meiner mange at lekser forsterkar den sosiale skilnaden mellom elevar i skulen. Det kom fram at det var ulike syn på dette i foreldregruppa. Rektor formidla at dette er ei sak der det kan vere argument både for og imot, men at det er eit stort skritt å gå inn for å fjerne lekser heilt på skulenivå. Vi bør i første omgang sjå på korleis vi kan leggje til rette for ei tilpassing i høve til nivå og mengde. Lekser skal tilpassast slik at elevane i størst mogeleg grad kan meistre oppgåvene utan særleg hjelp. Repetisjonsoppgåver og lesing er type lekser som eignar seg godt, medan nytt stoff bør unngås. Lærarane meiner det er svært viktig for opplæringa at elevane brukar noko tid på å lesa heime. Både foreldrerepresentantar og skulen var oppteken av at overgangen til ungdomsskule og vidaregåande må sikrast slik at det ikkje blir ekstra vanskeleg for elevane med heimearbeid seinare i skuleløpet. <p>Skjermbruk i mapausen.</p> <ul style="list-style-type: none"> Fau tok opp bruk av skjerm i matpausen og at dei er bekymra for den totale bruken av skjerm gjennom dagen. Dei meiner andre aktivitetar som til dømes høgtlesing eller sosial prat kan vere gode alternativ. Lærarrepresentantane og rektor meinte det var fint at foreldra tok dette opp, og at det er ulik praksis rundt om i klassane. I mange klassar les dei, med nokon brukar tida til å formidle ein del av undervisninga sidan matpausen på Kolltveit er lagt i undervisningstida. Det blir ein del av den pedagogiske vurderinga som læraren tek. Dette er noko vi kan ta opp i kollegiet, drøfte og ha ein prosess om korleis vi kan få til god praksis. Kommunal representant formidla at det var den frie skjermbruken på fritida som kanskje var det største problemet, og at bruk av digitale verktøy i skulen var begrensa og meir kvalitetssikra med tanke på innhald enn det ein har inntrykk av i heimane. <p>Fast turdag.</p>	<p>Fau</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • Foreldra tok opp att dette med fast turdag i klassane. Skulen har fast turdag på 1. og 2. trinn, medan det på dei andre trinna vert vurdert av pedagogisk personell i høve til om dei pedagogiske læringsmåla i faga. Skulen formidla at det vil bli meir ute-undervisning i samband med ombygginga, og at det om våren er slik at ein del av undervisninga kan takast ute dersom det praktisk let seg gjere. <p>17. mai.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fau formidla at 17. mai i år blir på ungdomsskulen på Bildøy og at alt er i rute kring planlegginga. 	
Saker frå Elevrådet	Elevrådet var ikkje til stades.	
Saker frå SFO	Ingen saker frå SFO	